



Byen på tyrkisk side. Tre dagar før hadde Daesh halshoggi den 19 år gamle venninna Shirin (il høgre). Alle foto: Erling Folkvord

– Daesh tok Mosul på to–tre timar og utan kamp, sa ein kurdisk parlamentarikar til meg førre dagen. Den klare beskjeden var at dei irakiske soldatane mangla motivasjon. Dei ville ikkje døy i krigen mot Daesh. Dei deserterte.

Her i Den kurdiske regionen er det annleis. Kvar veke slepper tyrkiske fly bomber over den nordlege delen av landet. Ein god del av dette er terrorbombing av det slaget som heimbyen til folkerettseksperter vart utsett for. Samtidig går Daesh til bakkeåtak langs store delar av den sørlege grensa.

Her er det ikkje mange som tvilar på at Tyrkia og Daesh samarbeider. Ungdom som vil forsvare landet sitt – Den kurdiske regionen – kjem da i ein trasig skvis. Den regionale regjeringa vil at dei skal forsvare landet mot Daesh, men nektar dei å forsvare befolkninga i fjellbygdene mot Daesh-allierte Tyrkia. I til-

legg har Tyrkia egne bakkestyrkar fast stasjonerte i Den kurdiske regionen.

Situasjonen i Syria utanom Rojava er enda verre. Borgarkrigen har rivi sund landet i fem år. Det hata Assad-regimet slåst mot Daesh, men diktatoren Assad trekkjer likevel ikkje til seg dei store massane av frivillige. Dei tallause væpna gruppene som slåst mot Assad, har heller ikkje brei appell. Dei er i stor grad finansierte frå utlandet. Og altfor mange av våpenleveransane hennar til slutt hos Daesh og deira allierte. Dermed blir spørsmålet: Kor skal dei melde seg til teneste dei som vil forsvare Syria både mot Daesh og mot andre statar som vil øydeleggje landet? Om du ikkje har eit godt svar som kan gjennomførast, bør du tenkje deg om før du kritiserer unge menneske som reiser ut av Syria.

KVA KRIGAR DEI OM?

For å seie det enkelt: Det er ikkje lett for dei unge menneska som vil forsvare land og folk mot både Daesh og andre ytre fiendar. Først er det i Syria, men det er heller ikkje enkelt i Den kurdiske regionen i Irak. Her finst det berre vanskelege spørsmål og ingen enkle svar.

Kong Abdullah av Jordan var nyleg på besøk i USA. Referat frå fortrulege samtalar har hamma i fleire redaksjonar. Jordan har tatt imot 650.000 flyktingar, og kong Abdullah er ein trufast USA-alliert. Kongen oppmoda USA og Russland til å samarbeide: «Problemet er at mange land framleis opplever kald krig, men dei må kome seg forbi det og rette blikket mot den tredje verdskrigen.»



med andre som står midt i kampen for å bygge opp eit

ERLING FOLKVORD

«Seig som ein texansk cowboystøvel»

LEIPZIG: Tysklands lengstsitjande utanriksminister Hans-Dietrich Genscher var arkitekten bak den tyske sameininga.

TYSKLAND

SJUR HAGA BRINGELAND
sjurhagbring@gmail.com

S tatsakta førre sundag i den utrangerte forbundsdagen i Bonn, byen som var regjeringssete frå 1949 til 1999, er vanlegvis noko berre forbunds-presidentar og forbundskanslarar blir æra med, ikkje ministrar. Men så var ikkje Hans-Dietrich Genscher nokon vanleg minister heller; han var den lengstsitjande utanriksministeren i tysk historie og ein av arkitektane bak den tyske sameiningsprosessen kring 1990.

Den stive seremonien mjukna litt opp då USAs tidlegare utanriksminister James Baker fekk ordet. For ikkje berre var han den einaste som hadde blå dress og blått slips i den svartkledde forsamlinga, han var òg den einaste som nemnde Genscher med førenamn framfor den flaggkledde kista. For i dei turbulente åra kring 1990 blei dei to utanriksministrene nære vener, trass i skepsis hjå den amerikanske administrasjonen. «Ein titan», kalla Baker han, «diplomatisk gåverik, og sein brutal når det trongs» og «seig som ein texansk cowboystøvel» – med denne siste utsegn leverte Baker overskrifter til mange tyske aviser denne veka.

FLUKT FRÅ DDR

Genscher vart fødd i 1927 i byen Halle an der Saale, i det som i



– Genscher meinte at eit fred-samt og fritt Tyskland berre kan eksistera i eit sameina Europa.

Sebastian Harnisch,
politikkprofessor i Heidelberg

dag er delstaten Sachsen-Anhalt. Under den andre verdskrigen blei han som syttenåring medlem i NSDAP og tenestegjorde seinare i Wehrmacht – etter egne utsegnar skjedde partimeldinga utan at han visste om det, og grunnen til at han gjekk inn i dei regulære hærstyrkane, var at han var redd for å bli tvangsrekruttert av Waffen-SS. Etter å ha vore krigsfange hjå dei vestallierte, studerte han jus i heimbyen og i Leipzig, men flykta i 1952 frå DDR til Vest-Berlin, der han blei medlem av det liberale partiet FDP.

I 1965 blei han innvald i forbundsdagen i Bonn, der han var parlamentsmedlem heilt fram til 1998. Først var han innanriksmi-



BIDROG TIL AT MUREN FALL: Tysklands utanriksminister Hans-Dietrich Genscher (1927–2016) overrekker ein bit av Berlinmuren til den amerikanske presidenten George H. W. Bush (t.v.) i november 1989. Foto: White House Photograph Office

nister i seks år, før han frå 1974 til 1992 tente som utanriksminister under forbundskanslarane Brandt, Schmidt og Kohl.

TALA MED ALLE

– Kva for ein statsmann var det tyskarane tok avskil med sundag?

– Det var ein statsmann som kom frå aust og drog til vest og som prinsippfast sikta mot å sameina Aust- og Vest-Tyskland på fredeleg vis – eit velukka prosjekt som han var den drivande personen bak, hevdar Sebastian Harnisch, professor i

den avdøde. Men Harnisch peikar òg på at Genscher hausta kritikk, ikkje minst for rolla han spela som innanriksminister under München-massakren i 1972. Personleg synte Genscher seg tapper – han tilbød seg å ta plassen til dei israelske gislane. Men det katastrofale vedtaket om å storma helikoptra der gislar og gisseltakarar sat, hefter framleis ved namnet hans: Ordinære politikonstablar pepra helikoptra med vanlege tenestevåpen, og «skarpskyttarane» var òg berre frivillige konstablar som skaut i hytt og vær med unøyaktige AG3-rifler. I memoarane omtalar Genscher, som var ansvarleg for fadese, dette som det djupaste punktet i karrieren.

– I tillegg kjem rolla utanriksministeren Genscher spela på Balkan. For framskunda ikkje den hastige tyske anerkjenninga av Kroatia og Slovenia i 1991 splittinga av Jugoslavia? Mange av kollegaene mine ser det slik, særleg dei utanlandske, men eg meiner me lyt hugsa at Genscher i denne prosessen alltid hadde kanslaran Kohl i ryggen, hevdar Harnisch.

ETTERMÆLET

– Når studentane dine om tju år sjølve skal førelesa om Genscher, korleis trur du det vil arta seg?

– Eg trur dei vil byrja førelisinga med eit kjent Genscher-sitat: «Det finst ingen tyske interesser, for tyske interesser er europeiske interesser.» Genscher meinte nemleg at eit fredsamt og fritt Tyskland berre kan eksistera i eit sameina Europa. Dette grunnar i trua på at om Tyskland ein gong blir for mektig for dei små naboane kringom, vil dei slutta seg saman mot Tyskland, noko som ikkje er i Tysklands interesse, seier Harnisch.

FEILTAK

Når nokon døyr, talar me gjerne berre om dei positive sidene ved